

SAMLA SAKSFRAMSTILLING

Tysnes kommune

Arkivsak : 16/731 -
Arkivkode: 567

Sakshandsamar: Morten Anthonessen

Handsamingar:

Utvalsaknr.	Utval	Møtedato
PS 90/17	FORMANNSKAPET	12.12.2017
PS 70/17	KOMMUNESTYRET	12.12.2017

RULLERING TRAFIKKSIKRINGSPLAN 2016

**Vedlegg: Trafikktryggleiksplan
Liste over innspel til plan**

SAKSUTGREIING:

Planen er utarbeidd med føringar frå Statens vegvesen si Handbok 209, "Kommunale trafikk-sikkerhetsplaner" og Hordaland Fylkeskommune sin Handlingsplan for trafikkisikring i Hordaland 2014 - 2017.

Tysnes kommune ved Eining for forvaltning har hatt ansvaret for prosjektet. Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS har vore sekretær for arbeidet.

Trafikktryggleiksplan er utarbeidd etter drøftingar i ei prosjektgruppe som har vore sett saman av :

Morten Anthonessen	Eining for forvaltning, Tysnes kommune (prosjektleiar)
Torfinn Kongsvik	Eining for brann og teknisk drift. Tysnes kommune
Lena Epland Sløgedal	Eining for barn og familie. Tysnes kommune
Jarle Matre	Fusa og Tysnes Lensmannskontor
Eva Sundal	Statens vegvesen region Vest distrikt Voss og Hardanger
André Bjørndal	Byggadministrasjon Harald Bjørndal AS

Lena Epland Sløgedal er også barna sin representant i plansaker. Saka har vore ute til offentleg ettersyn og innspel er vurdert i revidert plan og lista opp i eiga vedlegg.

Data for ulykkesstatistikk er ikkje oppdatert for 2016/17 difor er ikkje hendingar i nær tid som ulykka under avkøyning frå ferga i Våge hausten 2017, bil som snurra ved «Vadlasvingane» sumaren 2016, utforkøyning ved Eplandsbrekka, fleire møteulykker med materielle skader og ulykka med tragisk utfall og tap av liv i Lunde for kort tid sidan omtalt i plandokumentet.

Dette er ein påminning om at planlegging ikkje kan ta høgde for alle framtidige hendingar, og at ein aldri kan nedprioritera arbeid med trafikktryggleik, det kjem stadig nye brukarar av vegnett og kollektivtilbod som må vera trygge på at kommunen ivareteke tryggleiken lokalt og følgjer opp trafikktryggleiken regionalt.

Føremålet med ein kommunal trafikktryggleiksplan er å leggja grunnlaget for målretta og systematisk arbeid med trafikktryggleik i kommunen.

Ein trafikktryggleiksplan er ein overordna plan med visjon for arbeidet i kommunen med ei målsetjing om å få ned tal på ulykker og auka tryggleiken i trafikken.

Visjonen skal framleis vera:

Ingen skal verta drepne eller skadd i trafikken i Tysnes kommune (Utvida «0-visjon») og ingen av innbyggjarane i kommunen skal føla seg utrygge når dei nyttar vegsystemet.

Planen skildrar vidare tre ulike strategiske tilnærmingar som følgjer det vidare arbeidet med planen:

1. Opplæring av trafikantar, informasjon og kontroll
2. Vegutforming og fysiske tiltak
3. Kommuneplanlegging og forvaltning.

Prosjektgruppa har motteke 112 innspel frå høyringsinstansar, lag og privatpersonar som er lista opp og underlagt ein ansvar- og kostnadsvurdering i eige vedlegg.

Mottekne innspel, med prosjektgruppa for trafikktryggleiksplan sine vurderingar er vidare lista opp i 6 ulike tabellar:

Tabell 1: Fysiske tiltak på fylkesvegnettet retta mot Hordaland fylkeskommune sitt program for Trafikksikringstiltak.

Tabell 2: Fysiske tiltak på fylkesvegnettet retta mot Hordaland fylkeskommune sitt program for gang- og sykkelveggar.

Tabell 3: Tiltak som er knytt til administrative vedtak på fylkesvegnettet.

Tabell 4: Fysiske og administrative tiltak på det kommunale vegnettet.

Tabell 5: Ikkje fysiske tiltak.

Tabell 6. Større prosjekter på Fylkesvegnettet.

Prioriteringsliste for trafikktryggleikstiltak 2017-2020 er utarbeidd for å synleggjera kommunen sine vurderingar og prioriteringar av trong for utbetring av einskildpunkt, heile vegsystem og haldningsskapande arbeid retta mot yrkestrafikk, privatbilar og mjuke trafikantar på kommune- og fylkesvegnett og rundt offentlege bygg og institusjonar i Tysnes kommune.

Kommunen sin trafikktryggleiksplan gjev grunnlag for å søkja om midlar til utbetring ved årlege tildeling frå fylkeskommunen, i tillegg til at den kan nyttast når ein skal forankre kommunale innspel til regional trafikktryggleiksplan.

Planen har status som kommunedelplan og gjev såleis innspel og føringar til det vidare arbeidet med kommuneplan i Tysnes Kommune.

Tysnes kommune skal vera opne for at grunneigarar og andre interesserte kan løfta fram og gjennomføra tiltak gjennom privat initiativ. Tiltaka kan resultera i betre trafikktryggleik ut over kommunen sine prioriteringar så lenge det ikkje er til hinder for kommunale planar.

Prioritert liste og gjennomføring av tiltak skal evaluerast årleg i samband med økonomi og tiltaksplan.

INNSTILLING FRÅ RÅDMANNEN:

Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova, vert rullering av kommunedelplan for trafikktryggleik 2017-2020 vedteke.

HANDSAMING I FORMANNSKAPET 12.12.2017:

Anne Merthe Fjeldstad ba om at det i planen vert lagt under tabell 2 i planen, tiltaket vert prioritert som

«Under tabell 2 vert følgjande tiltak prioritert som nr. 2, dei andre tiltaka vert skyvd til-svarande.

Bygge gangveg fra innkøyring Lundehagen 1 til eksisterande gangveg og frå senteret og opp til bustadfeltet på Kattaland. Etablere fotgjengarovergang ved innkøring til senteret og ved avslutning av gangfeltet.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegg til endring.

Under tabell 2, punkt 6 i tabellen vart det orientert om at det er meint Gjersvik og ikkje Gjerstad, formannskapet merkjer seg endringa.

Under tabell, vart det bede om at det for alle tiltak der det er gjort framlegg om redusert fartsgrense vert erstatta med slik ordlyd: Trafikksikring vert vurdert i samråd med Statens vegvesen. Dette gjeld 1, 2, 3, 4,5 8,10, 12, 14, 15, 16.

«Punkt 2 i tabell 3 går ut då det er gjennomført.

Punkt 18 i tabell 3 erstattar punkt 7 i same tabell,

For punkta 1,3, 4,5 8,10, 12, 14, 15, 16. vert tiltak erstatta med følgjande formulering: Trafikksikring vert vurdert i samråd med Statens vegvesen.

Punkt 17 vert erstatta med følgjande ordlyd: Det skal etablerast turvande og sikre busskur langs skuleveg i heile «

Representanten Arne Leite sette fram slikt framlegg til endring:

«Tabell 4, punkt 1.3, punkt 1. b vert sletta.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til endringa.

Representanten Magne Skartveit sette fram slikt framlegg til endring:

«Det vart teke inn slikt framlegg om nytt tiltak under tabell 6, prioritet nr. 5 : Samla plan for utbetring av Holmalio – Eidet.»

Representanten ba om prøverøysting. Ved prøverøysting fall framlegget med 1 røyst (M.H.S) mot 6 røyster.

Det vert lagt fram slikt framlegg til omframnt vedtak:

«Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova, vert rullering av kommunedelplan for trafikktryggleik 2017-2020 vedteke med følgjande endringar:

Under tabell 2 vert følgjande tiltak prioritert som nr. 2, dei andre tiltaka vert skyvd tilsvarande: Bygge gangveg fra innkøyring Lundehagen 1 til eksisterande gangveg og frå senteret og opp til bustadfeltet på Kattaland. Etablere fotgjengarovergang ved innkøring til senteret og ved avslutning av gangfeltet.

Punkt 2 i tabell 3 går ut då det er gjennomført.

Punkt 8 i tabell 3 erstattar punkt 18 i same tabell,

For punkta 1,3, 4,5 8,10, 12, 14, 15, 16. vert tiltak erstatta med følgjande formulering: Trafikk-sikringiltak vert vurdert i samråd med Statens vegvesen.

Punkt 17 vert erstatta med følgjande ordlyd: Det skal etablerast turvande og sikre busskur langs skuleveg i heile kommunen.

Tabell 4, punkt 1.3, punkt 1. b vert sletta.»

Formannskapet slutta seg samrøystes til framlegg til vedtak.

FRAMLEGG TIL VEDTAK FRÅ FORMANNSKAPET 12.12.2017:

Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova, vert rullering av kommunedelplan for trafikktryggleik 2017-2020 vedteke med følgjande endringar:

Under tabell 2 vert følgjande tiltak prioritert som nr. 2, dei andre tiltaka vert skyvd tilsvarande: Bygge gangveg fra innkøyring Lundehagen 1 til eksisterande gangveg og frå senteret og opp til bustadfeltet på Kattaland. Etablere fotgjengarovergang ved innkøring til senteret og ved avslutning av gangfeltet.

Punkt 2 i tabell 3 går ut då det er gjennomført.

Punkt 8 i tabell 3 erstattar punkt 18 i same tabell,

For punkta 1,3, 4,5 8,10, 12, 14, 15, 16. vert tiltak erstatta med følgjande formulering: Trafikk-sikringiltak vert vurdert i samråd med Statens vegvesen.

Punkt 17 vert erstatta med følgjande ordlyd: Det skal etablerast turvande og sikre busskur langs skuleveg i heile kommunen.

Tabell 4, punkt 1.3, punkt 1. b vert sletta.

HANDSAMING I KOMMUNESTYRET 12.12.2017:

Ordføraren gjekk gjennom førehaving av saka frå formannskapet.

Representanten Arve Belt fremja slikt framlegg om tillegg:

«Til tabell 3: Tiltak langs FV 79 frå nytt omsorgssenter til krysset mot Uggdal. Det er behov for tiltak knytt til lys, overgang og nedsett fartsgrense.»

Ved avrøysting slutta kommunestyre seg samrøyste til framlegg til vedtak frå formannskapet med endringar framsett i møte av representanten Arve Belt.

VEDTAK I KOMMUNESTYRET 12.12.2017:

Med heimel i § 11-15 i plan- og bygningslova, vert rullering av kommunedelplan for trafikktryggleik 2017-2020 vedteke med følgjande endringar:

Under tabell 2 vert følgjande tiltak prioritert som nr. 2, dei andre tiltaka vert skyvd tilsvarende: Bygge gangveg fra innkøyring Lundehagen 1 til eksisterande gangveg og frå senteret og opp til bustadfeltet på Kattaland. Etablere fotgjengarovergang ved innkøring til senteret og ved avslutning av gangfeltet.

Punkt 2 i tabell 3 går ut då det er gjennomført.

Punkt 8 i tabell 3 erstattar punkt 18 i same tabell,

For punkta 1,3, 4,5 8,10, 12, 14, 15, 16. vert tiltak erstatta med følgjande formulering: Trafikksikringiltak vert vurdert i samråd med Statens vegvesen.

Punkt 17 vert erstatta med følgjande ordlyd: Det skal etablerast turvande og sikre busstur langs skuleveg i heile kommunen.

Tabell 4, punkt 1.3, punkt 1. b vert sletta.

Til tabell 3: Tiltak langs FV 79 frå nytt omsorgssenter til krysset mot Uggdal. Det er behov for tiltak knytt til lys, overgang og nedsett fartsgrense.